

Kommentarer til høyringsfråsegner om endra regulering Litlevatnet og Mosvatnet i Ulstein kommune

Tussa Energi har følgjande kommentarar til høyringsfråsegnene.

Ulstein Kommune:

Pkt. 1

Turvegen vart bygt med maskiner i 8-10 tonns størrelse til graving og transport av vegbyggingsmassar. Planlagde anleggstiltak ved Mosvatnet er små. Mindre gravemaskiner kan transporterast i terrenget utan å gjere skade. Betong kan flygast med helikopter. Vi føreset at det må utarbeidast ein detaljplan til godkjenning før dette arbeidet vert sett i verk.

Pkt. 2

Beklageleg om eigedomsopplysningane våre er feil. Med annonsering i media håpte vi at alle vart gjort kjend med planane.

Pkt.3

Vi er samd i at på nordsida av Litlevatnet er det ein del myr og finmassar. Resten av området rundt vatnet er stabilt. Vi meiner at ei permanent senking vil tørke ut grunnen og raskt danne eit vegetasjonsdekke som vil gjere det grønt og slik skape eit trygt område, også for beitande dyr.

Pkt. 4

RV er planlagt uendra. Tussa planlegg ikkje oftare nedtapping til LRV enn tidlegare grunna ny lågare HRV på Litlevatnet. Vi er medvitne verdien som rekreasjonsområde. Det vil det vere liten vinst ved å senke vatnet til LRV.

Dersom HRV skal oppretthaldast må fyllingsdammen på nordaust sida av betongdammen på Litlevatnet forlengast med 150 m mot nordaust (totalt 350m lang), og hevast med ca. 3 m, dvs. oppimot 5m høgde. Denne dammen vil då verte plastra med stor sprengstein på begge sider og få ei breidde i toppen på ca. 4m og ei breidde i botnen på opptil ca. 20m. Dette for å tilfredstille krava i gjeldande regelverk for dammar. Dette vil vere eit stort inngrep i naturen og vil vere meir alvorleg enn ei strandsone som vil re-vegetere seg i løpet av ikkje så mange år.

Pkt. 5

Den eksisterande betongdammen er planlagt riven som Ulstein kommune ønskjer.

Ulstein kommune sin saksbehandlar meiner HRV for Litlevatnet vil vere uheldig og derfor ikkje ønskeleg.

Vi er usikker på om saksbehandlaren har vurdert grundig tiltaka i søknaden dersom dagens to fyllingsdammar skal erstattast av nye mykje større steinplastra (både vass-side og luftside) dammar. Desse vil bli enorme i forhold til dagens dammar og vil stå fram som brutale framandelement i det mjuke landskapet. Kostnaden vil og verte uoverkomeleg.

Under synfaringa vil Tussa klargjere desse alternativa betre enn kva som er skildra i søknaden med tanke på konsekvensane med å oppretthalde dagens HRV.

Ulstein Grunneigarlag

Vi beklagar om det har skjedd feil i varsling av Grunneigarar, men det er positivt at grunneigarlaget som representerer 21 eigedomar har gitt uttale.

Hovudmotivasjonen for å senke HRV i Litlevatnet er å unngå å måtte bygge ny fyllingsdam på nordsida av betongdammen. Dersom ein skal tilfredstille dagens krav, vil denne dammen bli forlenga med ca. 150 mot nordaust (totalt 350m). Heile dammen vil verte heva med ca. 2,5-3 m og få ei breidde i toppen på ca. 4m og ei breidde i botnen på ca. 20m og steinplastra på begge sider. Dette vil vere eit omfattande og brutalt inngrep, med dambygging, nye vegar, steinbrot osv.

Vi planlegg ikkje å senke til LRV oftare enn kva som no er tilfelle, og som det går fram av tabell 41 i søknaden så har det vore god klaring til LRV dei siste 11 åra. Korleis magasinet har vore utnytta før denne tid har vi dårleg statestikk på.

Ved løyve om senking av HRV vil Tussa tilstrebe seg å halde ein vasstand eit stykke under HRV for å utnytte naturressursen og energiproduksjonen optimalt, i samspel med gode landskapsopplevingar.

Ved løyve til ombygging av dammane vil det vere behov avtale om bruk og opprusting av vegen frå kraftstasjonen til Litlevatnet.

Fylkesmannen

Tussa er samd med Fylkesmannen – at naturen vil relativt fort ta tilbake sonene mellom eksisterande og ny HRV og med det ikkje ha nemneverdige konsekvensar for naturmiljøet.

Ulstein og Hareid jeger og fiskarforening.

Senking av HRV i Mosvatnet og Litlevatnet endrar ikkje tilhøva som blir kommentert. Ulsteindalen kraftverk har høg driftstid og med berre 185 timar stopp i 2017. Grunna lågt tilsig vil det i periodar vere låg vassføring/ kraftproduksjon frå kraftstasjonen. Det er ikkje planlagt tiltak i elva nedanfor kraftstasjonen som vil endre elva/ gyteforholda.

18.9..18 ØE